



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Øyvind Vatshelle, 5557 2178

Vår dato
17.10.2018
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2018/2466 451.2
Dykkar referanse
«REF»

Til kommunane i Hordaland,
landbruksansvarlege

Viktig informasjon til kommunane SMIL- tilskot og tilskot til drenering, hausten 2018

Frå januar blir det nytt sakshandsamingssystem for dei to tilskotsordningane, og kommunen skal sjølv foreta alle registreringar. Det er behov for ei ekstra opprydding før sakene blir overført til det nye systemet. Det er òg behov for rapportering innan oktober for å kunne omfordele SMIL-midlar og unngå at dei står ubrukte.

Oversikt over fristar

- 31.10 Oversending av løyvingsvedtak 2018 til Fylkesmannen.
- 31.10 Melde inn ekstra behov for SMIL i år.
- 22.11 Oversending av vedtak om utsette arbeidsfristar og inndraging av midlar mm.
- 22.11 Registrere mobilnummer på saker i tilsendt liste, dersom saka ikkje blir avslutta no.
- 01.12 Melde inn behov for 2019.

Frist 31. oktober for å fatte vedtak og ha sendt dei til registrering hos Fylkesmannen

Jmf info i årets tildelingsbrev. Dette gjeld særleg SMIL-midlar som det er knapt av, men helst òg tilskot til drenering dersom det er mogleg. Hugs å sende inn både vedtak og kopi av søknaden for å sikre rett registrering.

SMIL-midlar som Fylkesmannen ikkje har fått vite at er brukt, kan etter dette blir trekt tilbake utan varsel. Årsaka er at midla må komme til nytte i andre kommunar med behov, framfor å risikere at dei blir ståande ubrukte. Kommunane skal dra inn tilskot der arbeidsfristen har gått ut. Midlar med mykje utgått arbeidsfrist kan òg bli trekt tilbake etter 31. oktober.

Frist 31. oktober for å melde inn ekstra behov 2018.

For SMIL-tilskot: Meld inn konkrete behov som de kan rekke å løyve innan 22. november. Midlar som er ubrukte i andre kommunar blir omfordelt etter behov. For dreneringstilskot er

det framleis mykje pengar tilgjengeleg, så de kan melde behov og få tildeling fortløpande.

Frist 22. november for siste opprydding i arbeidsfristar, utbetalingar og andre vedtak

Vedtak om å utsette arbeidsfristar, ekstratildelingar, utbetaling som skal skje i 2018, inndraging og tilbakebetaling må seinast vere sendt til Fylkesmannen for registrering innan 22. november. (Fylkesmannen har i år siste frist 1. desember for å registrere løyvingar mm korrekt i sakshandsamingsystemet Saturn.) Lister med utgåtte arbeidsfristar blir i dag sendt ut per post til kvar kommune, og vi ber om at de følger opp desse.

Nytt sakshandsamingsystem Agros for kommunen i januar

Landbruksdirektoratet har utvikla nytt digitalt søknads- og sakshandsamingsverktøy (Agros) som skal erstatte Saturn. For SMIL og Drenering skal det nye fagsystemet etter planen være klart til å ta i bruk i januar i 2019. Det er då kommunen sjølv som får ansvar for alle registreringar av løyvingar, utbetalingar mm.

Saker frå Saturn bli overført tidleg i januar. Frå dette tidspunktet skal desse sakene bli handtert i Agros, til dømes for delutbetaling og sluttutbetaling. Elektronisk søknadsskjema med støtter for sakshandsaming av nye saker, vil bli tilgjengeleg frå februar. Vi kjem tilbake med meir informasjon og opplæring etter kvart. Fylkesmannen har prøvd ut Agros i andre ordningar no, og det ser ut til å vere eit godt system.

Les [meir om overgangen frå Saturn til Agros](#), og kva som må vere klart i samband med dette. Vi vil særleg peike på at utgåtte arbeidsfristar blir handtert automatisk i Agros. Dette betyr at det blir sendt varsel til søkjaren om avslutting av saka så snart Agros er i gang i januar. Etter nokre veker blir saker lukka og løyvingar trekt inn automatisk der arbeidsfristen har gått ut. Det er difor viktig at de får registrert alle utsette arbeidsfristar så snart som mogleg. Pengar som blir trekt inn automatisk vil bli lagt på ramma til kvar kommune, og blir disponible for kommunen ut året.

Frist 22. november for å registrere mobilnummer i alle saker der dette manglar no

I alle saker som skal bli overført til Agros må vi ha registrert mobilnummer (eller eventuelt e-postadresse som er i bruk). Vi ber om at kommunen fyller ut vedlagte rekneark *seinast*. 22. november, og gjerne før dette. Landbruksdirektoratet vil sørge for at kontaktinfo blir lagt inn på kvar sak.

Mobilnummer eller e-post er avgjerande for at Agros skal kunne varsle om meldingar til føretaket si Altinn-innboks. Dette er særleg kritisk i samband med automatisk genererte brev frå Agros om at saka vil bli lukka og midlar trekt inn, i samband med at frist for å gjennomføre prosjektet nærmar seg.

Dersom de i prosessen med å finne kontaktinformasjon, finn ut at saka skal bli avslutta før 22. november (og at den faktisk blir gjort opp i Saturn med saldo kr null, så treng vi ikkje mobilnummeret, siden saka i så fall ikkje vil bli overført til Agros. Det er fint om de då skriv kommentar «blir lukka» i rubrikk for mobilnummer.

De kan anten rapportere i vedlagte rekneark som de returnerer til oss, eller i felles rekneark online: <https://docs.google.com/spreadsheets/d/1XoXkbJAQp13h-ghFEaGiqzv4gWrrz2blOfYWzsRI0oA/edit?usp=sharing>

Ved rapportering i online rekneark ber vi om at de gir melding til oss etter at de har lagt inn info. Online rekneark inneheld alle sakene for alle fylke. De finn dykkar sakar etter kommunenummer. Ikkje slett dei andre! Endringar blir lagra automatisk

Frist 1. desember for å melde behov for tilskot 2019

Send *kort* vurdering av behov for tilskotsmidlar neste år, grunngitt med til dømes søknadsomfang og konkrete prosjekt. Kommenter gjerne kvifor de eventuelt har restmidlar, korleis de nyttar tiltaksstrategi for SMIL og korleis de koplar SMIL-midlar og RMP-midlar. Send til postmottak fmhpostmottak@fylkesmannen.no

Det blir truleg prioritert tildeling til prosjekt også innan «nyare» satsingsområde som vassforureining, erosjon, framande artar og pollinerande insekt. Kriteria for tildeling vil bli avklart av Fylkesmannen i Vestland, etter samanslåing med Sogn og Fjordane frå nyttår. Fylkesmannen brukar innmeldte behov òg som grunnlag for budsjettinnspel som vi skal sende til landbruksdirektoratet i desember.

Ikkje rapportering av forbruk 2018

Det er ikkje nødvendig å rapportere forbruk av SMIL-midlar inneverande år. Vi vil heller at de prioriterer vedtak innan fristane (slik at vi kan omfordele midlar), å unngå utgåtte arbeidsfristar og få alt riktig inn i nytt sakshandsamingssystem.

Dersom de er usikker på om alle vedtaka de har gjort er registrert hos fylkesmannen, kan de ta kontakt med Nina Andersen for å få rapport; fmhonga@fylkesmannen.no / tlf 55572159.

Ta kontakt dersom de har spørsmål!

Med helsing

Åse Vaag
Landbruksdirektør

Øyvind Vatshelle
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.